



HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305
Klubbnr. RK 12713

Månadsbrev for januar 2023.

Årgang 58



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid IL,
6060 Hareid.
President: Idar Flø
Visepres: Ove Midtflø
Sekretær: Bernhard Harkjerr
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Anne Gry Eilertsen
Styremedlem: Astrid Velle
Ansv.red.: Oskar Grimstad
Referent: Odd Arne Holstad

Januardikt

Ett er nødvendig – her
i denne vanskelige verden
Av husville oh heimløse.

Å ta bolig i seg selv
Gå inn i mørket
og pusse sotet av lampen.

Slik at mennesker på veiene
kan skimte lys
i dine bebodde øyne.

Hans Børli

Rotarymøte 9. januar 2023.



Temaet for årets første rotarymøte var en gjennomgang av rotary sine internettsider. Bernhard Harkjerr losa oss gjennom dei ulike internettsidene og applikasjonene (appen) på en ryddig måte.

Nettadressa til rotaryuniverset er [Appsco.com](https://appsco.com). Ved første gangs innlogging er det viktig å trykke på «glemt passord» for å få etablert ett gyldig passord. Dessuten må du ha en gyldig epost adresse for å kunne gjennomføre innloggingen.

Bernhard anbefalte å laste ned appen «Rotary Norway» via appstore eller google play.

Rotarymøte 16. januar 2023.



Framtidsfullmakt var temaet for kveldens åpne møte i Biblioteket. Arrangør var Sanitetslaget, Biblioteket og Sparebanken Møre. Det store frammøtet tyder på at dette er eit svært aktuelt tema for mange.

Leiaeren i Sanitetslaget, Rigmor Haddal innleia møtet med å gi ei kort orientering om Sanitetslaget i Hareid, før ho gav ordet til banksjef Ellen Kvalsund i Sparebanken Møre. Ho losa foramlinga gjennom temaet Framtidsfullmakt på ei framifrå måte.

Ei Framtidsfullmakt er eit juridisk dokument som bestemmer kven som skal ta vare på dine interesser dersom du ein dag av helsemessige grunnar ikkje klarer det sjølv. Ei slik fullmakt må sjølsagt utarbeidast medan du er frisk og sjølv kan bestemme kven som skal vere fullmektig. Kvalsund anbefalte at i tillegg til ev ektefelle, bør også eit eller fleire born vere fullmektig.

Nærare informasjon om formkrav kan ein finne på Statsforvaltaren (Fylkesmannen) sine heimesider.

Kvalsund sa også at ved å gå inn på Sparebanken Møre (sbm.no) finn ein mal for utarbeidelse av Framtidsfullmakt.

Til slutt oppmoda Kvalsund forsamlinga om ikkje å utsette arbeidet med å utarbeide ei Framtidsfullmakt.



Rotarymøte 23. januar 2023.



Øyvind M Kamsvåg frå Ulstein Design og

Solution stod for programmet denne rotarykvelden.

Temaet var skipsdesign med hovedvekt på utviklinga av X-Bow konseptet til Ulstein. Kamsvåg innleia med eit kort historisk tilbakeblikk på Ulsteinkonsernet generelt og Ulstein Design og Solution spesielt. Selskapet har i dag kontor både i Amsterdam og Shanghai/Kina.

X-Bow designet blei presentert fyrste gong i 2005. Sjølv om konseptet møtte en del skepsis i starten, blei det etter kvart ein suksess. Fordelane med X-Bow er ifølge Kamsvåg mellom anna mindre vibrasjonar og slag samt betre arealutnytting. Den seinare utvikla hekklysinga, X-Stern gir mindre støy, betre manøvrering og lavare energiforbruk.

Deretter presenterte Kamsvåg dei ulike skipsdesigna med X-Bow/X-Stern. Det starta med offshore fartøy i ulike variantar.

Då denne marknaden kollapsa, vart det satsa på cruicefartøy. Skip for havvindindustrien er i dag ein veksande marknad. Men også Yacht-marknaden er interessant for Ulstein Design. Sågar fiskefarty blir designa med X-Bow.

Til slutt presenterte Kamsvåg ett framtidskonsept der framdriftssystemet er basert på det radioaktive stoffet Thorium som energibærar.

Dei mange spørsmåla i etterkant av foredraget viste at temaet engasjerte rotaryanarane.. Kvamsvåg fekk velfortent applaus etter foredraget.

Rotarymøte 30. januar 2023.

Siste møte i månaden er som vanlig programfritt, og avsett til kaffi, vafler og uformell drøs rundt borda.

Eileen bad om ordet og informerte om at programkomiteen hadde booka ein «kameratkveld» på Malon restaurant(tidligere kaffikari) i Ulsteinvik 13 februar.

Eileen meinte det var behov for eit sosialt arrangement der kamerat- og festkomiteen også fullt ut får ta del i eit arrangement utan å måtte stå på kjøkenet heile tida.

Påmeldingsliste blei sendt rundt, men Eileen vil informere nærare pr e-post.